
Fra: Daniel Almhjell <daalm@fylkesmannen.no>
Sendt: torsdag 3. desember 2020 11:22
Til: Postmottak Alver
Kopi: Maya Riise
Emne: SV: Søkjarar på fugletilskot

Vi rår kommunen til å godkjenne tilskot for det arealet det er gjennomført tilrettelegging for av søkjar med organisasjonsnummer 917949166.

Søkjar har tatt tidleg kontakt både med e-post og telefon. Det er også stor sannsyn for at det har vore hekkande storspove på søkjars areal.

Kravet for at tiltaket skal kunne godkjennast for tilskot er at Fylkesmannen i samråd med grunneigar/brukar og lokale fuglekyndige kjem fram til kva areal som treng omsyn, og kva tiltak som er aktuelle. Vidare skal vi utarbeide enkle skriftlege føringar for aktuelle tilretteleggingstiltak per føretak. Tilrettelegginga må vere utført i samsvar med desse føringane for at tiltaket skal kunne godkjennast for tilskot.

Grunna ein misforståing i vår kommunikasjon med søkjar har det ikkje vore ei stadfesting på hekkande fugl på søkjars areal. Det har heller ikkje blitt utarbeida noko skriftlege føringar for tiltaket. Vi meiner at søkjar ikkje kan bli belasta på bakgrunn av dette.

Vi skal arbeide med å forbetre våre rutinar slik at kommunikasjonen mellom oss og søkjarar blir tydelegare. Videre minner vi på at saksbehandlar ikkje kan behandle eigen søknad.

Med venleg helsing

Daniel Almhjell
rådgjevar



Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 55 57 21 50

E-post: daalm@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/vl

Fra: Daniel Almhjell

Sendt: torsdag 12. november 2020 13:55

Til: Bergen kommune <postmottak@bergen.kommune.no>; Masfjorden kommune <post@masfjorden.kommune.no>; Alver kommune <post@alver.kommune.no>; Ullensvang kommune <postmottak@ullensvang.kommune.no>; Luster kommune <postmottak@luster.kommune.no>; Bjørnafjorden kommune <post@bjornafjorden.kommune.no>; Kvinnherad kommune <post@kvinnherad.kommune.no>; Sveio kommune <postmottak@sveio.kommune.no>; Øygarden kommune <postmottak@nyeoygardenkommune.no>; Kinn kommune <post@kinn.kommune.no>; Etne kommune <post@etne.kommune.no>
Kopi: svanhild.kambestad@bergen.kommune.no; ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no; maya.riise@alver.kommune.no; ingrid.riise@ullensvang.kommune.no; liv.ellingseth@luster.kommune.no; sito@bjornafjorden.kommune.no; Kommunaldirektør Kvinnherad <ragnhild.bjerkvik@kvinnherad.kommune.no>; bjarne.hetlesaeter@sveio.kommune.no; [Inger-](#)

Lise.Sale@oygarden.kommune.no; jan.osa@kinn.kommune.no;
ragnhild.underhaug.ness@etne.kommune.no

Emne: Søkjarar på fugletilskot

Til alle kommunar med søkjarar på tilskotsordninga for tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl.

For at søkjar/ar skal kunne gjevast tilskot må arealet det ønskes tilskot for ha vore stadfesta som hekkeområde av Fylkesmannen, og skjøtsel på arealet skal ha vore i samsvar med skriftlege tilrådingar/føringar frå Fylkesmannen per lokalitet. Ein må difor ha hatt kontakt med Fylkesmannen tidleg i hekkinga, i tillegg til å ha ein skriftleg avtale med Fylkesmannen ved miljøavdelinga for å få tilskot.

Oversikt over søkjarar som har godkjent avtale med Fylkesmannen og som er tilskotsberettiga vart sendt ut den 13.10.20. Kommunar med søkjarar som har godkjent avtale er:

- Bergen
- Kinn
- Øygarden
- Kvinnherad
- Luster

Ta kontakt om kommunen dykkar er i lista, men ikkje har fått oversikt over søkjarar med godkjente avtaler.

Om kommunen dykkar ikkje er i lista så har de ingen søkjarar med godkjente avtaler, og såleis ingen søkjarar som er tilskotsberettiga for dette tilskotet i 2020.

Sjå meir informasjon om ordninga her: <https://www.fylkesmannen.no/nn/vestland/landbruk-og-mat/skjult-side---landbruk/tilskot-til-tilrettelegging-av-hekke--og-beiteomrade-for-fugl--gjeld-vipe-akerrikse-og-storspove/>

Med venleg helsing

Daniel Almhjell

rådgjevar



Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 55 57 21 50

E-post: daalm@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/vl